

## **Driftsavtale om digitalt sikringsmagasin (DSM) med tilhørende driftstenester**

**er inngått mellom:**

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS org nr. 971 348 496

(heretter kalla utførar]

**og**

Fitjar kommune org nr. 994 073 310

(heretter kalla arkiveigar)

**Stad og dato:**

Bergen 16.03.2021

## Føremål:

Føremålet med denne avtala er å regulere pliktene og rettane kring overføring av arkiv til digitalt sikringsmagasin (DSM) samt tilhøyrande driftstenester som følgjer av arkivlova, forskrift om offentlege arkiv og forskrift om utfyllande tekniske og arkivfaglege bestemmingar kring behandling av offentlege arkiv.

## Omfang:

Arkiveigar vedtek med heimel i selskapsavtalen § 4, pkt. 2 å overføre forvaltinga av arkiv samt tilhøyrande driftstenester til utførar. Omfanget gjeld utelukkande for elektroniske arkiv og driftstenester slik dei følgjer av arkivlova med forskrifter samt vedlegg til denne avtala.

Driftsavtala skal utførast i tråd med vedlagt tenesteskildring samt andre vedlegg.

Alle rubrikkar skal vere kryssa av (Ja eller Nei)	Ja	Nei
Vedlegg 1: Tenestebeskrivelse inkl. pris og prisreglar	X	
Vedlegg 2: Datahandsamaravtale		X
Vedlegg 3: Rutine - rettelingshefte	X	
Vedlegg 4: Deponeringsplan og arbeidsordre for deponering		X

## Ikrafttredelse, avtaletid og oppseiing

Avtala trer i kraft 16. mars 2021 og gjeld til og med 1. januar 2023. Avtala erstattar tidlegare avtale mellom arkiveigar og utførar kring elektroniske arkiv.

Avtala gjeld for 3 år og vert automatisk fornya om ikkje anna vert avtalt. Avtala kan seiast opp av partane i samsvar med føresegnene i selskapsavtala.

Oppseiingstida er 1 år, frå 1. januar til 31. desember. Oppseiing av avtala skal skje skriftleg og vere utførar i hende seinast 1. juni året før oppseiingstida tek til å gjelde.

Ved oppseiing av avtala skal alle deponerte arkiv vere ute av utførar sine tekniske løysingar seinast 14 dagar før oppseiingstida går ut. Arkiveigar må sjølv koste overføring av arkivmaterialet til ny løysing.

## Endringar i driftsavtala etter avtaleinngåing

Arkiveigar har rett til å gje utførar pålegg om endring (endringsordre) i driftsavtala som følgjer av endring av krav i arkivlova med føreskrift eller endring i standardar og programvare knytt til tenesteskildringa. Utførar skal ved ei slik endringsordre innarbeide dette i vedlegga innan 30 dagar.

Prisen for driftstenesta og timeprisar kan endrast kvart årsskifte tilsvarande auken i konsumprisindeksen (hovudindeksen) ved Statistisk sentralbyrå. Fyrste gong med utgangspunkt i indeksen 1. januar 2020 til 1. januar 2021.

Prisane kan òg endrast dersom krav i lov og forskrift, standardar eller naudsynt oppgradering av programvare, servere m.v. har verknad på kostnadene til utføraren. I slike høve skal utførar innarbeide dette i vedlegga innan 30 dagar.

### **Twist og tvisteløysing**

Dersom det oppstår twist mellom partane om tolking eller rettsverknaden av denne avtala, skal tvisten fyrst søkjast løyst ved forhandlingar. Dersom ein twist i tilknytning til denne avtala ikkje vert løyst etter forhandlingar, kan partane prøve å løyse tvisten ved mekling. Det føreset at partane vert einige om ein meklar. Om ikkje er partane sine rettar og plikter etter denne avtala i heilskap fastsett etter norsk rett.

### **Ansvar for underutførar og tredjepart**

Dersom ein av partane engasjerer tredjepart eller underutførar til å utføre arbeidsoppgåver som følgjer av eller i tilknytning til denne avtala, er parten fullt ansvarleg for utføringa av desse oppgåvene på same måte som om parten sjølv stod for utføringa.

### **Teieplikt**

Informasjon som partane vert kjende med i samband med avtala og gjennomføringa av avtala, skal behandlast konfidensielt, og i tråd med datahandsamaravtalen. Informasjon kan ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå den andre parten.

### **Førespurnader**

Alle førespurnadar vedrørande avtalen skal rettast til

Hjå Arkiveigar	Hjå Utførar
Namn: Bente Fitjar	Namn: Rune Lothe
Stilling: arkivleiar	Stilling: Dagleg leiar
Telefon: 53 45 85 45	Telefon: 414 12 138
E-post: <a href="mailto:befi@fitjar.kommune.no">befi@fitjar.kommune.no</a>	E-post: <a href="mailto:post@ikah.no">post@ikah.no</a>